



Statens vegvesen

Lars Bjørn Lygre
Lurevegen 1498
5912 SEIM

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Tone Bøyum / 55516792	Vår referanse: 16/106793-29	Dykkar referanse:	Vår dato: 21.06.2018
------------------------------------	---	--------------------------------	-------------------	-------------------------

Uttale – Dispensasjon – Fv. 404 – Gnr. 58 bnr. 7 – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad om avkørsle mottatt 25.02.2018.

Kva saka gjeld:

Det er søkt om utvida bruk av avkørsle etter veglova på gnr. 58 bnr. 3 i Lindås kommune, vår referanse fv. 404 hp 3 km 4,062. Tiltakshavar er eigar av nabobruket på gnr. 58 bnr. 7.

Søknaden gjeld frådeling av ei tomt på ein landbrukseigedom med påståande bustadhús og driftsbygning. Tiltaket gjeld også ei ny bueining på tomta som vert frådelt, samt å flytte dagens avkørsle som er trafikkfarleg.



Situasjonskart vedlagt søknad datert 25.02.2018

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Saksgang:

Eigedomen ligg i eit område som er avsett til *landbruk-, natur- og friluftsformål (LNF)* jf. *Kommundelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden (2015)*. Søknaden er avhengig av dispensasjon etter plan- og bygningslova (tbl.).

Før vi behandler søknaden etter veglova, må tiltaket vere avklart etter pbl. og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vår saksområde jf. pbl. §19-2. Vi har og klagerett i slike saker.

Uttale:

Vi behandla ein liknande søknad i 2016 for denne eigedomen. Det er no levert ny og endra søknad.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t, og årsdøgertrafikk (ÅDT) er 150 køyretøy. Strekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. *Rammeplan for avkørysler med strekningsvis vurdering til byggjegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest (2017 – 2020)*.

Det er fleire element som skal vurderast i ein avkøryslesøknad. Vurderingstema er mellom anna omsynet til trafikktryggleiken, strekningsvise vurderingar, lokalisering i høve til annan busetnad og sentrumsfunksjonar, og godkjent arealbruk for området. Det er vår generelle haldning at nye bustadomter i første rekke må vere lokalisert til områder der det er lagt til rette for slik bruk gjennom godkjente arealplanar.

I rammeplanen er vegstrekninga klassifisert til *Haldningsklasse 4*. Det vil mellom anna seie at vegen har funksjon som lokalveg og at ein normalt kan godkjenne avkørysler dersom ein kan tilfredsstille tekniske krav til utforming. Rammeplanen er retningsgjevande for korleis vi behandler ein søknad om avkørysle.

Eit absolutt krav vi stiller til nye avkørysler eller ved søknad om endra bruk er at det skal vere tilstrekkeleg sikt i avkørysla. Sidan søknaden i 2016 er fartsgrensa på staden sett ned frå 80 km/t til 50 km/t. Basert på dette vert minimumskravet til sikt vesentleg redusert. Vi meiner no at siktet kan oppfyllast dersom det vert rydda i frisktsona. Andre krav vi stiller til utforming av avkørysle er mellom anna i høve til helling og svingradius. Vi reknar med at dette kan oppfyllast for denne avkørysla.

Søknaden omfattar også stenging av ei avkørysle som trafikkfarleg. Dette vurderer vi som positivt med omsyn på trafikktryggleiken.

Sluttord:

Etter ei konkret vurdering av forholda på staden meiner vi det kan pårekna løye til utvida bruk av avkørysle etter veglova som omsøkt. Eit slikt løye vil i så fall innehalde særlege vilkår knytt til opparbeiding av avkørysla.

Dersom Lindås kommune vel å gje dispensasjon til deling av eigedom, må det sendast inn søknad til Statens vegvesen som er i samsvar med kommunen sitt vedtak. Vi vil då behandle søknaden vidare etter føresegndene i veglova.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ